

1

L

Nedlegg 1

Emne: SV: Hytteveg på Byrkjeland
Fra: Frode Haugsvær <frode@fh-maskin.no>
Dato: Søndag, Desember 16, 2018 21:53 CET
Til: 'Per Molland' <per.molland@haugnett.no> aynne@online.no <aynne@online.no>
 bjorn@thomas-westgaard.no <bjorn@thomas-westgaard.no> post@brkvinge.no <post@brkvinge.no>
Svar-til: Frode Haugsvær <frode@fh-maskin.no>
 1 fil

Viser til dykkar brev frå 16.12.18.

Først vil eg beklage at dialog mellom deg og Alf Birkeland ikkje er av den beste sorten, men dette er noko som eg ikkje kan sjå eg har noko med.

Til orientering er vegen bygd etter dei prinsipp som vart lagt til grunn, billigast mulig veg opp til hyttene om det var mulig, fordi ein ikkje var sikker på om alle ville være med på vegen, dette var noko som Torleiv Brørvik hadde som utgangspunkt når han spurde meg om å gje pris på arbeidet. Tilbodet frå meg er datert 15.08.15.

Etter det, høyrdie eg ikkje noko, då trudde eg ikkje at det kom til bli bygd noko vei i det heile.

Alf Birkeland ringte meg høsten 2017, at no hadde han overtatt prosjektet etter som at Torleiv var ute, og om eg kunne stå inne for den samme prisen på arbeidet, det bekrefta eg at eg gjorde, og at alternativ 2 var gjeldane, med det samme utgangspunktet som vi hadde sett på befaring tidlegare. Alf orienterte at han skulle samle inn penger og komme tilbake når det var gjort. Han ringte nokon månader seinare at no måtte me få inn byggesøknaden fort som bare det, for no var alt klart. Dette tok Bjørn Rune seg av.

Alf Birkekand tok på seg ansvaret for utbygginga, han var kontaktperson, han var grunneigar og tiltakshavar. Han var også den som fekk faktura og betalte ut. Sluttfaktura vart betalt ut etter av vi hadde sluttgjennomgang med han på vegen, der han syntes at arbeidet vart bra gjennomført og innafor det som var avtalt og meinte at alle var fornøyd, han takka oss for det flott arbeidet vi hadde utført.

Eg har heile tida etter at Torleiv var ute av prosjektet forhold meg til Alf Birkeland, så slik sett har eg ingen avtaler med Alf en at han har vore kontakt person under bygging, og han var der kvar dag under bygging, for å sjå til at arbeidet vart utført etter avtale, han var fornøyd med det han såg og hadde ingen kommentar underveis, det er jo tross alt han som er grunneigar og kontakt person på utbygginga.


Til slutt, om de vil endra vegen til slik standar de meinat den skal være, må dialog med grunneigar være ein viktig nøkkel her. Eg kan sjølv sagt gje ein pris på dette arbeidet.

Eg som entreprenør forholder meg til Alf Birkeland som er grunneigar, noko anna ville være heilt umulig i denne saka.

Venleg helsing

Frode Haugsvær

Dagleg leiar

 **F. Haugsvær Maskin** 
Austfjordvegen 2472 • 5981 Masfjordnes
Tlf. 916 13 666

Fra: Per Molland <per.molland@haugnett.no>

Sendt: 16. desember 2018 15:05